

Hovudutval samferdsle sak 5/2016

[2016-02-08: Kommentar frå styreleiar i Midtvegen 615 AS i klammer]

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Midtvegen 615 AS har i brev datert 5. januar 2016 søkt Sogn og Fjordane fylkeskommune om eit eingongstilskott på 150 000 kr. I søknaden er det synt til at det tidlegare er løyvd tilskott til vegselskap (Førdepakken AS og Ferjefri kryssing Anda-Lote). I søknaden er det opna for at tilskottet kan delast over fleire år. Søknaden er lagt ved saka. Midtvegen 615 AS er eit aksjeselskap med 54 aksjonærar. Dei største aksjonærane er Flora og Gloppen kommunar med 16,66 pst. på kvar. Elles er mellom anna Hyen Fisk, Brødrene Aa, Sparebanken Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Energi og Gloppen næringsorganisasjon med frå næringslivet. Resten av aksjekapitalen er i hovudsak eigd av private og desse har til saman majoriteten av aksjane i selskapet. I brevet er det sagt følgjande om bakgrunn for søknaden:

«Midtvegen 615 AS arbeider for tida med å skaffe finansiering til ei trafikkanalyse som skal sjå på fleire ulike alternativ for å knyte midtre Nordfjord tettare saman med akse Florø-Naustdal-Førde. Det er svært interessant å få greidd ut om trafikkgrunnlaget ved eit eller fleire av desse alternativa er stort nok til å delfinansiere opprustinga/ny veg med brukarfinansiering. Det er Rambøll AS som skal utføre denne utgreiinga etter å ha vunne konkurransen om dette oppdraget med fleire andre konsulentselskap. Pr. i dag har vi skaffa finansiering til 53% (140 000) av kostnaden på totalt 265 000. Dersom det ikkje lukkast å skaffe finansiering frå anna hald vil eit eingongstilskot frå fylkeskommunen truleg bli nytta til å delfinansiere denne eller andre utgreiingar i framtida».

Målsetjinga er å utgreie og utvikle prosjektet ytterlegare slik at;

- utgreiinga er klar før kommunedelplanarbeidet startar i 2017
- fylkespolitikarane kan velje mellom ulike konsept ved neste rullering av RTP hausten 2017.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

I budsjettet for 2016 har hovudutval for samferdsle ei løyving på 175 000 kr på teneste 4005 Til disposisjon for utvala. Av dette er det allereie nytta 100 000 kr til prosjektet Stad skipstunnel, jf. HS-sak 50/15. Tilgjengelege midlar på denne posten er 75 000 kr i 2016. Hovudutvalet har ikkje fullmakt til å binde opp løyvingar utover budsjettåret. [Dette handlar truleg mest om politisk vilje. Om ein ikkje ynskjer å bruke opp potten i første møte kan denne saka vente til slutten av året (a la prosjektet Stad skipstunnel i des. 15) «Fylkesdirektøren tilrår vidare at hovudutval for samferdsle finansierer tilskottet på teneste 4005 til disposisjon for utvala med kr i 2017. Løyvinga i 2017 er med atterhald om fylkestinget sitt vedtak om budsjett for 2017.»]

Fylkesdirektøren vil innleiingsvis syne til at Statens vegvesen i 2013 i samband med arbeidet med Regional transportplan 2014-2017 gjorde ei overordna utgreiing av fv. 615 Storebru – Sandane. Målsetjinga med denne utgreiinga var å lage eit grunnlag for ei systematisk utbetring av fylkesveg 615. I rapporten var tiltak langs vegen prioriterte og kostnadsrekna til samla om lag 650 mill. kr. [Regionforstørring og reduserte avstandsulempjer vart det ikkje sett på i denne rapporten. Trafikkgrunnlaget i ein 36 km lang flaskehals vart lagt til grunn for framtidig einfeltveg med møteplassar. Trafikkmengda over Dalsfjordbrua vart noko heilt anna enn på ferja Dale-Eikenes. Vegen Florø-Førde fekk ikkje full nytteeffekt før opprusting og avstandsreduksjon var gjennomført. Tilsvarande vil ikkje Midtvegen vise si fulle nytte før den vert ei effektiv transportåre mellom midtre Nordfjord og aksa Florø – Naustdal - Førde. Eg vil tru at dei folkevalde vil ha interesse av å få sjå ei slik trafikkanalyse.]

Fylkesdirektøren registrerer at det er eit press frå kommunar, vegselskap og andre for å få greidd ut og planlagt ulike tiltak på fylkesvegnettet. Dette kan vere gjennom søknader om forskottering av planmidlar eller som ulike tilskott. Fylkeskommunen har ein krevjande økonomisk situasjon og det vil bli utfordrande å få finansiert investeringsprosjekt på fylkesvegnettet framover. [Då bør ein kanskje vere positiv til støtte lokale initiativ til å få utgreidd potensiale for brukarfinansiering av vegsamband??] Det er derfor viktig å ikkje nytte for mykje ressursar på utgreiingar og planlegging på tiltak som kan ligge langt fram i tid. [Kommune- og fylkesgrensene er sett i «spel», Kystvegen kan bli riksveg, prioriteringslista vart i førre runde (2013) stokka ein del og i nedgangstider vert gjerne samferdsle prioritert. Det er difor uråd å sei noko om kor lang tid det vil gå før eit vegprosjekt kan starte opp] Fylkesdirektøren syner til at fylkeskommunen skal kunne dekkje behovet for utgreiingar frå Statens vegvesen gjennom ordninga med «sams vegadministrasjon». Fylkesdirektøren ser derfor ikkje nokon grunn til å løyve tilskott gjennom eit vegselskap for å få utført dei utgreiingar det er behov for på fylkesvegnettet. Fylkesdirektøren meiner det ikkje bør etablerast ein praksis med å gi tilskott til vegselskap på fylkesvegnettet. [Fylkesveg 615 var riksveg før 1.1.2010 og har potensiale til å kople midtre Nordfjord tettare saman med dei to største byane i Sunnfjord. Kanskje litt urimeleg å avslå dette på prinsipielt grunnlag ved første søknad. Det vil vere svært overraskande om denne saka fører til ein inflasjon av vegselskap i fylket. Elles trur eg vegselskapa er til nytte både for offentleg forvaltning, folkevalde og folk flest]

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren vil ikkje tilrå å støtte søknaden frå Midtvegen 615 AS. [Håpar at denne saka kan føre til ein god, konstruktiv og prinsipiell debatt som endar med ein annan konklusjon enn tilrådinga. Lykke til med handsaminga av søknaden!]